



Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr 1, 2009

Bård årets utøvar. Bård Erstad vart kåra til årets idrettsutøvar for 2008 under Velledalen IL sitt årsmøte 5. januar. Bård har siste året delteke i langrenn og sykling. Sterkaste prestasjonen gjorde han under Nibberittet i Geiranger der han vart nummer fire av 18 deltakarar i klassa. Han sykla dei 21 kilometerane med ei stigning på 1500 høgdemeter på 1.47.12. elles gjekk han Fjellsæterrunden og han sykla Ekornesrittet og temporittet som var ein del av Sykkylvsrittet

Ikkje mange månader seinare måtte Bård innom Feiringklinikken for å ”røske opp” i tette årar. I fylgje legane var tre av dei mest sentrale høvesvis 99, 90 og 75 prosent tette. Bård vart klar over at ikkje alt var som det skulle då han ikkje greidde svare på kona Grethe sine ”smårykk” ved Riksheimbrua under turgåing. Han følte seg ”pjasken”, og heldigvis vart han diagnostisert og operert relativt rask. Vi gratulerer Bård med prisen og håper han snart er tilbake i skiløypa – om ikkje anna til han vert 66 den 7.mars (fyrst då tek livet til, ja, enkelte hevdar faktisk det).

Idrettsmerkeheider. Odd Kåre Fet har teke idrettsmerke for 40 gong i 2008 og er dermed kvalifisert til 40-års merket. Svein Helge Hjorthol skal ha idrettskruset for 20. gonger. Gratulerer!!

Utanom desse har fylgjande personar teke idrettsmerkekrava i 2008: Paul Hole (45.gong), Grete Fet (43.gong), Ragnhild Fet (37.gong), Arild Lade (24.gong), Nils Terje Skylstad (23.gong), Kari Solaas (19. gong) og Per Gunnar Holmberg (5.gong – sølvmerke). Litt færre enn i eit normalår.

Stabilt i hovudstyret. 12 av laget sine 231 medlemmar møtte då VIL avvikla årsmøtet sitt 5.januar.

Anne Britt Hammer kom inn som ny i hovudstyret, i staden for Anita L. Hole som ikkje ynskte attval. Atle Hole held fram som leiar og dei øvrige i styret er: Geir Helge Grebstad, Eliasabeth Urke Hjorthol og Ove Inge Skylstad.

Store utskiftingar. Om det var stabilt i dei fleste gruppene, så vart det i alle fall mange nye i idrettsskulestyret. Her vart berre leiaren Gunn Tove B. Skylstad sitjande frå det tidlegare styret. Inn som nye kom: Tor Olav Tandstad, Øyvind Hunnes, Monica Nilsen og Harald Bakken. Idrettsskulen er no inne i ein periode med symjing, medan det vert ein bolck med ski etter vinterferien.

Langrennsgruppe: Svein Arne Nakken (leiar), Asbjørn Tandstad, Magne Nilsen, Pål Rune Fet, Lars Inge Sæther og Bård Erstad.

Friidrett: Håkon Fedt, Rolf Haxthow, Inger Riksheim, Hans Olof Holmberg og Karoline Brunstad.

Trim: Nils Terje Skystad (leiar), Anita Hjorthol, Gudrun Wangsmo, Arnt Brunstad, Bjørg Frøystad Hole, Turid Bøkestad Fet og Marit Hole (ny)

Positive til ny trimpost. Det var Svein Arne Nakken som kasta fram tanken om ein trimpost ein eller anna stad i Straumgjerde sitt nærrområde. Årsmøteforsamlinga såg ut til å ha sympati for tanken, og ”ballen” vart sparka over til styret i trimgruppa.

Snøbrett ny gruppe? Bente Hole er initiativtakar til ei ny snøbrettgruppe under VIL. Bente orienterte dei framførte, og fekk positive tilbakemeldingar. Det vart bestemt at saka skal opp under det ekstraordinære årsmøtet som vart tidfesta til 3. februar (merk datoen). Reknskapen vert òg handsama på det møtet. Like eins årsmeldinga til friidrettsgruppa.

Fjellsæterrunden med meir. Dersom nokon har tenkt å prikke inn toppforma til årets Fjellsæterrunde så er datoen 22. februar. Medlemskontingenten er det berre å sende til kasserar Elisabeth (kontonummer 4045 10 23537) 400 for familie, 200 for vaksne 100 for born, 50 eller meir for støttemedlemskap.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.